

VOLDA 28.05.2024

Tlf.sentral 70 07 49 90

Mobil 95 18 48 75

E-post jan@mulvik.no

Org.nr. 932 102 978 MVA

Grunneigarar

Naboar

Offentlege og private høyringsinstansar

Dykkar ref.:


Vår ref.: Jan Magnus Ose

Varsel om oppstart av detaljregulering for «E51 – Krokenesvågen» i Vanylven kommune. PlanID: 1511-202304.

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 varslar ein med dette oppstart av arbeid med detaljregulering av gbnr. 38/8 med fleire i Vanylven kommune. Namn på detaljplanen er «E51 - Krokenesvågen».

Planområdet

Planområdet ligg på austsida av Krokenesvågen i Syltefjorden, og utgjer om lag 18,7 daa.



Figur 1 Lokalisering av planområdet

Formål

Målet med planen er å legge til rette for vidare drift og potensiell utvikling av eksisterande næring knytt til fiskeri innanfor område E51 i kommunens arealdel, planID: 1511-001. For E51 er det i gjeldande KDP sett krav om detaljregulering før utbygging.

Planstatus

Planområdet er uregulert, og ein er ikkje kjend med at det er sett i gang detaljplanarbeid i nærområdet.

I gjeldande KDP er planområdet avsett til næringsformål for fiskeri (E51) og hamneområde (H10), medan kystsoneplanen - som er under arbeid - legg opp til formålet fiskeri (FI528) med slik føresegn:.

«Innan havområder omfatta av dette arealformålet, vert det ikkje gitt tillating for tiltak i vassøyla og/eller på

havbotn som kan ha ei negativ/øydeleggjande effekt på lokale fiskebestandar og tilhøyrande fiskeriverksemd». Kystsoneplanen er ikkje vedteken, og skal i følge kommunen ut på ny høyring.

Konsekvensutgreiing

Forslagsstillar ønskjer gjennom planarbeidet å legge til rette for vidare drift med høve til utvikling av den maritime næringa (fiskeri) som er i dag. Tiltaket er vurdert opp mot §10 i forskrifta om konsekvensutgreiing, men sidan tiltaket er i tråd med overordna plan og elles utan vesentlege verknadar for miljø og samfunn vurderer vi det slik at ein ikkje løyser krav om verken planprogram og konsekvensutgreiing. I referat frå oppstartsmøte er det sett krav om planprogram og KU, men kommunen har i ettertid trekt dette tilbake - jf. forskrift om KU §10 med vedlegg I og II.

Plangrense

Plangrensa framgår av vedlegg nr.1 samt i vedlagte sosi-fil. Grensa er justert i høve tilbakemeldingar i oppstartsmøtet – og kan bli yttarlegare justert undervegs i planarbeidet.

Forslagsstillar og plankonsulent

Forslagsstillar: MS Haugen AS, Krokeneset 54, 6144 Sylte
Kontaktperson: Johnny Haugen – tlf. 97099624 – johnnyfisk@hotmail.com

Plankonsulent: Mulvik AS, Holmen 7, 6100 Volda.
Kontaktperson: Jan Magnus Ose – tlf. 95184875 – jan@mulvik.no

Informasjon og medverknad

Formell saksgang ih. reglane i plan- og bygningslova sikrar at kravet om medverknad vert ivareteke gjennom lovfesta høyringar og offentleg ettersyn. Utover dette legg ein ikkje opp til særskilte tiltak for medverknad utover behovsretta dialog med kommunen. For informasjon undervegs i planarbeidet kan ein kontakte:

- Johnny Haugen – tlf. 97099624 – johnnyfisk@hotmail.com
- Jan Magnus Ose – tlf. 95184875 – jan@mulvik.no

Oppstartsvarelet med vedlegg vert også annonsert i avisa “Synste Møre” og lagt ut både på kommunen si heimeside www.vanylven.kommune.no og på Mulvik si heimeside www.mulvik.no

Merknader til oppstartsmeldinga

Eventuelle innspel til planarbeidet merkast med «E51 Krokenesvågen, planID: 1511-202304» og sendast anten som e-post til jan@mulvik.no eller som brev til: Mulvik AS, Holmen 7, 6100 Volda.

Innkome merknader vert saman med planframlegget sendt til kommunen for handsaming og utlegging til offentleg ettersyn. Ein treng difor ikkje sende kopi av merknaden til kommunen.

Frist for innspel: 08.07.2024

Vidare saksgang

Etter at fristen for innspel er ute, vert planframlegget utarbeidd og innsendt til Vanylven kommune for vidare handsaming. Etter eventuelle justeringar, legg kommunen planen ut til offentleg ettersyn. Det vert då høve til å kome med merknader til planframlegget før vidare politisk handsaming med sikte på endeleg godkjenning av planen.

Mvh
For Mulvik AS



Jan Magnus Ose
Prosjektingeniør/planleggar

Vedlegg:

- 1) Oversiktskart 1:10000
- 2) Plangrense 1:2000
- 3) Ortofoto 1:2000
- 4) Kommunedelplan 1:2000
- 5) Planinitiativ med vedlegg (justert etter oppstartsmøte)
- 6) Referat frå oppstartsmøte

Kopi til:

Namn	Adresse	Poststad	Gnr/bnr
Naboar/grunneigarar			
Hallgjerd Osnes	Enggata 13	3520 Jevnaker	38/1
Lina Grisiene	Krokeneset 71	6144 Sylte	38/2, 38/5
Vainius Grisius	Krokeneset 71	6144 Sylte	38/2, 38/5, 38/13
Johannes N. Haugen	Fanahammeren 7B	5244 Fana	38/6, 38/7, 38/8
Hallbjørn T. Haugen	Slagnesvegen 115	6146 Åheim	38/10
Johnny A. Haugen	Krokeneset 54	6144 Sylte	38/11
Torstein M. Haugen	Grøthaugen 13	6143 Fiskå	38/12
Offentlege/private høyringspartar		E-post	
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal		sfmrpost@statsforvaltaren.no	
Møre og Romsdal fylkeskommune		post@mrfylke.no	
Statens Vegvesen		firmapost-midt@vegvesen.no	
NVE Region Vest		rv@nve.no	
Mørenett AS		post@morenett.no	
Mattilsynet		postmottak@mattilsynet.no	




Vedlegg 01: Oversiktskart 1:10000

Dato: 10.04.2024

Målestokk: 1:10000

Koordinatsystem: UTM 32N






Vedlegg 02: Plangrense 1:2000

Dato: 10.04.2024

Målestokk: 1:2000

Koordinatsystem: UTM 32N





Vedlegg 03: Ortofoto 1:2000

Dato: 10.04.2024

Målestokk: 1:2000

Koordinatsystem: UTM 32N






Vedlegg 04: Kommunedelplan 1:2000

Dato: 10.04.2024

Målestokk: 1:2000

Koordinatsystem: UTM 32N



FORSLAGSSTILLAR:
MS HAUGEN AS

PLANINITIATIV:


FRAMLEGG TIL DETALJREGULERINGSPLAN FOR:

E51 - Krokenesvågen – Vanylven

PlanID: 1511-202304

Dato: 14.06.2023

Rev: 28.05.2024



Innhald

1	INNLEIING	1
1.1	Forslagsstillar	2
1.2	Eigarforhold	2
1.3	Plankonsulent	2
2	PLANINITIATIV	2
2.1	Målet med planen	2
2.2	Planområdet og om planarbeidet får verknadar utanfor planområdet.	2
2.3	Planlagd busetnad, anlegg og andre tiltak	3
2.4	Utbyggingsvolum og byggjehøgder	4
2.5	Funksjonell og miljømessig kvalitet	4
2.6	Tiltaket sin verknad på og tilpassing til landskap og omgjevnader (stadanalyse)	4
2.7	Tilhøve til kommuneplan, eventuelt gjeldande reguleringsplanar og retningslinjer, og ev. pågåande planarbeid.	4
2.8	Vesentlege interesser som vert råka av planarbeidet.	5
2.9	Korleis samfunnstryggleik skal ivaretakast m.a ved å førebyggje risiko og sårbarheit	5
2.10	Råka offentlege instansar og andre interessert som skal varslast om oppstart.	5
2.11	Prosessar for samarbeid og medverknad frå råka fagmynde, grunneigarar, festarar, naboar og andre. 5	
2.12	Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing og korleis ivareta ev. krav. 5	
2.13	Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram	6
2.14	Oppsummering/konklusjon	6

Vedlegg:

- Framlegg til plangrense (pdf + sosi-format)
- Enkel stadanalyse – rev.28.05.2024 (pdf)

1 INNLEIING

For å oppretthalde og ev. vidareutvikle området sine funksjonar knytt til fiskeri, ynskjer forslagsstillar MS Haugen AS å regulere gbnr. 38/8 med fleire ved Krokeneset i Vanylven kommune.

I samsvar med §12-8 i «Plan- og bygningslova», samt §1 i «Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven» vart det difor utarbeidd framlegg til planinitiativ som grunnlag for oppstartsmøte som vart halde 13.10.2023.

Planen har fått namnet «E51 Krokenesvågen» med nasjonal planID: 1511-2023-04, og i samråd med kommunen er planinitiativet no revidert i samsvar med avklaringar i oppstartsmøte samt seinare møte 04.04.2024. Dette inneber m.a at heile E51 i gjeldande KDP samt vegtilkomst frå den private vegen «Krokeneset» no inngår i planområdet.

1.1 Forslagsstillar

- MS Haugen AS, Krokeneset 54, 6144 Sylte ved:
 - o Johnny Haugen – tlf. 97099624 – johnnyfisk@hotmail.com

1.2 Eigarforhold

- 38/2: Vainius Grisius
- 38/3: Johnny Haugen.
- 38/6, 38/7 og 38/8: Johannes Norvald Haugen.
- 38/10: Hallbjørn Terje Haugen
- 38/12: Torstein Mikal Haugen
- 38/13: Vainius Grisius

1.3 Plankonsulent

- Mulvik AS, Holmen 7, 6100 Volda ved:
 - o Jan Magnus Ose – tlf. 95184875 – jan@mulvik.no


2 PLANINITIATIV

2.1 Målet med planen

- o Målet med planen er å legge til rette for vidare drift og potensiell utvikling av eksisterande næring knytt til fiskeri innanfor område E51 i kommunens arealdel, planID: 1511-001 der det er sett krav om detaljregulering før utbygging.

2.2 Planområdet og om planarbeidet får verknadar utanfor planområdet.

- Planområdet:
 - o Planområdet ligg på austsida av Krokenesvågen i Syltefjorden, og utgjer om lag 18,7 daa. I oppstartsmøtet vart det sett krav om å regulere heile E51 i tillegg til tilkomstvegen. Dette er lagt til grunn i det reviderte planinitiativet. Ein gjer vidare merksam på at grensa kan bli justert undervegs i planarbeidet.
 - o Landområdet utanfor E51 er uregulert LNF-område, og vil ikkje bli vidare berørt av tiltaket. Vegar i området er opparbeidde, og blir regulert i samsvar med dette.
 - o Eksisterande bygningsmasse innanfor E51 består av naust og brakker. Nokre av nausta er i dårleg stand og føresett rivne, medan andre igjen er relativt nye og i god stand – jf. gbnr.38/10 og 38/12.
 - o For kort tid sidan vart det dispensert frå plankravet og frådelt ei nausttomt frå gbnr.38/2. Denne teigen har fått bruksnummer 18 og ligg heilt nord i E51.
 - o Vidare er det etablert fleire kaier og flytebrygger i området der nokre er i dårleg stand med behov for opprusting, medan andre igjen er relativt nye. For å sikre kaier og flytebrygger i planen vil formålsgrensa mellom E51 og H10 slik vist i gjeldande KDP bli noko justert slik kommunen opna for i møte 04.04.2024.



Figur 2.2.1: Plangrense justert etter oppstartsmøte.

- Verknader utanfor planområdet:
 - Det er allerede etablert fiskerinæring i området og ein forventar ikkje særleg trafikkauke til/ frå området som følgje av reguleringa. Forslagnstillar estimerer ein årstdøgntrafikk (ÅDT) på 10. Ein vil i løpet av planprosessen gjere ei vurdering kring trafikksituasjon dersom planen opnar for ein større auke i aktivitet i høve dagens.
 - Kommunen opplyser i oppstartsmøte at det er framlagt kommunalt vatn som skal nyttast til å forsyne planområdet. Det vert vidare opplyst at er ikkje er offentleg avlaup på staden.
 - Verknadar elles er at fiskarar i området framleis vil kunne legge til kai og nytte seg av dei fasilitetane som allerede er etablert i området – herunder varmestova og toalettfasilitetar. På sikt kan dette tilbodet også bli utvida/styrka.

2.3 Planlagd busetnad, anlegg og andre tiltak

- Næringsverksemd (Fiskeri):
 - Forslagnstillar ynskjer å legge til rette for vidare drift og potensiell utvikling av eksisterande næringsverksemd knytt til det maritime innanfor gbnr.38/6, 7 og 8. I dette ligg m.a at ein vil kunne oppgradere dei av kaiene som er i dårleg stand samt legge til rette for øvrige funksjonar som naturleg høyrer til ei fiskeriverksemd. Ein legg også opp til sanering av naust som er i dårleg stand og elles foreta ei generell opprydding i området.
 - Vidare ønskjer ein å legge til rette for oppføring av bygg for lager og vedlikehald av utstyr samt montering/reparasjon av vegn til eige bruk. Det er m.a.o ikkje tale om nokon stor industriell produksjon med arbeidsplassar.
 - Ein legg opp til noko utfylling i sjø.

- Hamneområde (H10)
 - E51 er svært smalt og gjev lite rom for ei tenleg utnytting av området både m.o.t nye og eksisterande anlegg. For å bøte på dette har kommunen opna for noko justering av E51 si austre formålsgrænse slik at ein får med eksisterande kaier og flytebrygger.
 - Det kan verte aktuelt å fylle noko i sjø for å legge betre til rette for den stadlege næringa.
 - Kommunen opplyser at interkommunal kystsoneplan skal endrast og ut på ny høyring. Det opplysast også at der kan kome endringar i høve forslaget som no ligg føre. Dette vil truleg bli avklart undervegs i planarbeidet.
- Køyretilkomst/avkøyrsløse/parkering:
 - Planområdet vil som i dag ha tilkomst frå den private vegen «Krokenes» som igjen er tilknytt fylkesveg 61 Vanylvsvegen.
 - Vegen skal formalisere/sikre vegrett til alle bruksnummera innanfor E51.
 - Parkering vil skje på eigen grunn innanfor planområdet. Kommunen sin arealdel set krav om 1 parkeringsplass per 100m² brutto golvareal for næring.
- Vatn og avløp:
 - Det vil bli søkt om utsleppsløyve frå sanitæranlegg knytt til drifta.
 - Det er framlagt offentleg vatn i nærleiken som kommunen krev at ein knyter seg på.
 - Overvatn frå området førast direkte til sjø.

2.4 Utbyggingsvolum og byggjehøgder

- Bygningsmassen innanfor plangrensa består av både eldre og nyare naust, og lengst mot sør av brakker. I nyare tid er dei fire vestlegaste brakkene fjerna noko som forøvrig ikkje er oppdatert i den kommunale kartbasen. På det frigjevne området ønskjer forslagsstillar å kunne sette opp eit nytt bygg for å samle fleire funksjonar og gjere drifta meir rasjonell.
- Naustet på gbnr.38/7 og det på grensa mellom 38/7 og 38/8 er i dårleg stand og skal rivast.
- I planframlegget vil ein nytte %BYA, byggjegrænser samt Pbl sine føringar m.o.t maksimal mønehøgde for å definere rammene for utbygging.
- Det vil bli utarbeidd ein enkel illustrasjonsplan men utan juridisk verknad.

2.5 Funksjonell og miljømessig kvalitet


- Forslagsstillar ynskjer friheit til å sette opp bygningar både med moderne og meir tradisjonelt preg. Det leggst også vekt på at bygningar og anlegg skal vere funksjonelle ved bruk av gjennomtenkte løysingar og at dei skal vere bestandige og estetisk tiltalande gjennom bruk av gode materialar og harmoniske fargar.

2.6 Tiltaket sin verknad på og tilpassing til landskap og omgjevnader (stadanalyse)

- Som vedlegg til planinitiativet, er det utarbeidd ein enkel stadanalyse med kart og foto av planområde og omgjevnader – jfr. vedlegg nr.2.

2.7 Tilhøve til kommuneplan, eventuelt gjeldande reguleringsplanar og retningslinjer, og ev. pågåande planarbeid.

- I gjeldande kommunedelplan kap.3.6 er landområdet E51 avsett til framtidig næringsverksemd (fiskeri) medan sjøområdet H10 er avsett til hamneområde. Planområdet er ikkje detaljregulert og ein kjenner heller ikkje til at det pågår detaljregulering i nærområdet.
- Kommunen opplyser i møte 04.04.2024 at kommunedelplanen står føre revisjon, men at arbeidet ikkje er påbegynt.
- Kommunen opplyser også at den interkommunale kystsoneplanen som har vore ute på høyring i to runder, skal justerast og ut på ny høyring med det første.
- I kystsoneplanen er området i sjø avsett til FI528 (Fiske) med slik føresegn:
«Innan havområder omfatta av dette arealformålet, vert det ikkje gitt tillating for tiltak i vassøyla og/eller på havbotn som kan ha ei negativ/ødeleggjande effekt på lokale fiskebestandar og tilhøyrande fiskeriverksemd»



Figur 2.7.1: Utsnitt frå kommunens arealdel til venstre og utkast til kystzoneplan til høgre.

2.8 Vesentlege interesser som vert råka av planarbeidet.

- Vegen ned til og gjennom planområdet er privat, men vert no regulert som felles for tilstøytande eigedomar. Dette inneber at desse får ein formell rett til på nytte vegen.
- Området er i KDP avsett til næringsområde for fiskeri, og vert regulert i samsvar med dette. Det er langt til næraste hamn, og i følgje forslagsstillar er det difor behov for dei fasilitetane som er etablert i området – herunder kaianlegg, varmastove og toalett. Dette tilbodet blir søkt vidareført gjennom planframlegget.
- Ein kan ikkje sjå at tiltaka som planframlegget opnar for vil medføre ulemper for nokon.

2.9 Korleis samfunnstryggleik skal ivaretakast m.a ved å førebyggje risiko og sårbarheit.

- Som del av planarbeidet blir det ih. vanleg praksis gjennomført ein ROS-analyse basert på Statsforvalteren si sjekkliste.
- Området ligg innanfor marin grense og kan vere utsett for flaum/stormflo. Dette er problemstillingar som vert avklart i planprosessen.

2.10 Råka offentlege instansar og andre interessert som skal varslast om oppstart.

- Etter at plangrensa er definert i samråd med kommunen, vert naboar, gjenbuarar og offentlege/private instansar varsla.
- Varsel om oppstart av planarbeid vert også annonsert i avisa Synste Møre.
- Frist for innspel til planarbeidet vert sett til minimum 4 veker.

2.11 Prosessar for samarbeid og medverknad frå råka fagmynde, grunneigarar, festarar, naboar og andre.

- Formell saksgang ih. reglane i plan- og bygningslova sikrar at kravet om medverknad vert ivareteke gjennom lovfesta høyringar og offentlig ettersyn. Utover dette legg ein ikkje opp til særskilte tiltak for medverknad utover behovsretta dialog med kommunen.

2.12 Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing og korleis ivareta ev. krav.

- I gjeldande KDP er planområdet avsett til næringsformål for fiskeri (E51) og hamneområde (H10), medan kystzoneplanen - som er under arbeid - legg opp til formålet fiskeri (FI528).
- Forslagsstillar ønskjer gjennom planarbeidet å legge til rette for vidare drift med høve til

- utvikling av den maritime næringa (fiskeri) som er i dag.
- Tiltaket er vurdert opp mot §10 i forskrifta om konsekvensutgreiing, men sidan tiltaket er i tråd med overordna plan og elles utan vesentlege verknadar for miljø og samfunn vurderer vi det slik at ein ikkje løyser krav om konsekvensutgreiing. I referat frå oppstartsmøte er det sett krav om planprogram og konsekvensutgreiing, men kommunen har i ettertid trekt dette tilbake – jf. forskrift om KU §10 med vedlegg I og II.

2.13 Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram

Formell saksgang i samsvar med reglane i plan- og bygningslova ivaretek kravet om medverknad gjennom lovfesta høyringar og offentleg ettersyn. Det er ikkje sett krav om planprogram.

Oppstartsmøte

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 13.10.2023 og referat frå møtet er vedlagt.

Varsel om oppstart

Planoppstart vert varsla med annonse i Synste Møre og på kommunen si heimeside. Det vert sendt digitalt brev til berørte paratar og høyringsinstansar med informasjon om oppstart av planarbeidet med minimum fire vekers frist for innspel til planarbeidet. Utkast til varslingsbrev og annonsetekst er vedlagt.

Innkomne innspel

Alle innspel som vert mottekne innan varslingsfristen vil bli vurdert, oppsummert og kommentert i planframlegget.

Framdrift

Planfase	Medverknad	Tid
Oppstartsmøte	konsulent/kommunen	13.10.2023
Varsel om oppstart av planarbeid, med annonse i avis, kunngjering på kommunen si nettside og varslingsbrev til berørte paratar.	konsulent	Varslingsbrev: mai 2024 Annonse: 30.mai 2024 Merknadsfrist: 08.juli 2024
Vurdering av innkomne merknadar	konsulent	Juli 2024
Utarbeiding av planforslag	konsulent	Juli - oktober 2024
Oversending av planframlegg til kommunen	konsulent	Oktober 2024
Kommunal handsaming om utlegging til offentleg ettersyn/ høyring (frist 12 veker).	kommunen	November - desember 2024
Offentleg ettersyn/høyring (6 veker)	kommunen	Januar – februar 2025
Handsaming av merknader og ev. revisjon av planframlegg.	kommunen/konsulent/forslagsstillar	Mars 2025
Oversending av ev. revidert planframlegg til kommunen	konsulent	Mars 2025
Kommunal handsaming	kommunen	Juni 2025
Godkjenning av planforslag (Kommunestyre)	kommunen	Juli 2025
Kunngjering av godkjent plan	kommunen	Juli 2025

2.14 Oppsummering/konklusjon

Forslagsstillar og plankonsulent ser med dette fram til ein god og ryddig prosess fram mot ferdig plan slik at området fortsatt kan tene som næringsareal i tråd med overordna plan.





Vedlegg 02: Plangrense 1:2000

Dato: 10.04.2024

Målestokk: 1:2000

Koordinatsystem: UTM 32N





- 1: Gardsbruk gbnr.38/1
- 2: Gardsbruk gbnr.38/3
- 3: Bustadhus gbnr.38/11
- 4: Gardsbruk gbnr.38/2
- 5: Nausttomt gbnr.38/13
- 6: Naust gbnr.38/12
- 7: Naust gbnr.38/10
- 8: Naust gbnr.38/6
- 9: Naust gbnr.38/7
- 10: Naust/brakker gbnr.38/8

Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato
Firma	Firma: Adresse: Postnr./stad: Org.nr.:	Mulvik AS Holmen 7 6100 Volda 932 102 978	Sentralt: 70 07 49 90 Direkte: 95 18 48 75 E-post: jan@mulvik.no
Prosjektnamn: E51 - Kroknesvågen			
Oppdragsgivar: MS Haugen AS Krokneset 54 6144 Sylte			
Prosjekterande:  www.mulvik.no			
Tittel: Stadanalyse		Teikna av: JMO Dato: 28.05.24 Kontr.av: Dato: Erstattar teikn.:	
Teikningstype: PLANILLUSTRASJON			
Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
5381	903	1:2000	



VANYLVEN KOMMUNE

Teknisk sektor

Notat - møte

Sak : Oppstartsmøte jf. PBL § 12-8 - Privat reguleringsplan –

Saksnr./Arkivkode
23/1160

Løpenr

Dato 13.10.2023.

Møtedato	Møtetid frå - til	Stad
.13.10.23.	11:00 – 13:30	Vanylven rådhus

Møteleiar	Referent
Ronny Prozenko kommunalsjef teknisk sektor	Terje Kolstad

Til stades	Fråver
Andreas Standal Eikrem frå Per Mulvik AS	
Johnny Haugen og Johannes Haugen grunneigarar.	
Ronny Prozenko kommunalsjef teknisk sektor	
Terje Kolstad konsulent teknisk sektor	

Kopi av møtereferatet vert sendt til:

Per Mulvik AS v/Andreas Standal Eikrem

Sak	Referat	Frist	Ansvarleg
Bakgrunn	Per Mulvik AS har i brev den 15.06.2023 bedt om eit oppstartsmøte etter plan- og bygningslova §12-8. Det gjeld planinitiativ forslag til detaljplan for «E51 – Krokenesvågen – Vanylven», på gnr.38 bnr. 3 – 6 – 7 og 8, på vegne av MS Haugen AS v/Johnny Haugen. Andreas Standal Eikrem er plankonsulent i arbeidet for Per Mulvik AS. Det er utarbeidd eit skriftleg planinitiativ til detaljplan, datert 14.06.2023.		

Tiltakshavar sine planer for området	Føremålet er å leggje til rette for vidare drift og potensiell utviding av eksisterande næring knytt til fiskeri på staden innanfor delar av område E51 i kommunens arealdel, plan ID: 1511-1511-001. Samla areal er på om lag 6 dekar. Kommunen meiner heile E51 må regulerast i sin heilskap samt veg tilkomst må med i planen. Plannamn: E51 Krokenesvågen Planident: 1511-2023-04	Ident klar før varsel om oppstart	Kommunen
Regelverk	Reguleringa vert ei detaljplan jf. Pbl § 12-3. Planarbeidet utløyser krav om konsekvensutgreiing (KU) og planprogram fordi: Utfylling i sjø. Etablering av produksjonslokala (montering av garn m.m.)		
Planstatus	I arealplanen for Vanylven kommune er området E51 sett av i planID 1511-001.		

Plankrav elles	Plankrav som kommunen kan stille formelt ved oppstartsmelding: eiga skildring og vurdering av planområdet, felles tilknytning til off.vatn, brannkum, privat felles avløpsanlegg og/eller kopling til kommunens slamavskiljar, løyve til avkøyring frå FV, bygg og veg må tilpassast terrenget, ROS-analyse, illustrasjonsplan. Kommunen minner elles om krav stilt i k-plan om universell utforming, terrengtilpassing og avstandskrav. Krav om kunngjering : 1 avis (Synste Møre) og på kommunens internettside, og til naboar og grunneigarar. Plan må leverast digitalt med mulegheit for redigering, kart leverast i siste sosi-standard, teiknforklaring gjerne i eiga fil for redigering. Kravspesifikasjonar jf. kart- og planforskriften §§ 7-10 skal følgjast.		Kunngjering: Kommunen lagar liste over aktuelle mottakarar for plan hyring. Plankrav elles: Tiltakshavar. Digitalt kart til og med endeleg godkjenning: Tiltakshavar
Kostnader	Kommunen føreset at tiltakshavar tek alle kostnader med reguleringa fram til 1.høyring. Dersom det etter 1.høyring vert krav om konsekvensutgreiing, arkeologiske undersøkingar eller andre utgreiingar må søkjar dekke dette – dersom ein vil gå vidare med planen. Eigen avtale om dette må inngåast. Gebyr vert belasta tiltakshavar etter kommunens regulativ.	Før 1.gongs utlegging Bet.frist etter 1.handsaming av planforslag i f.skapet.	Kommunen Kommunen

Referent,
Terje Kolstad